

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4

Vestland fylkeskommune vil arbeide for at fylkeskommunen på sikt får ansvaret for å endeleg foreslå fordeling av flyktningar til kommunane i Vestland.»

Avrøysting

Innstillinga utan punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Opedal Davies sitt forslag vart vedteke mot 21 røyster (FNB, FRP, H, PP).

Det vart ikkje røysta over innstillinga punkt 4.

Vedtak

1. Fylkestinget tek orientering om busetjing av flyktningar i Vestland i 2020 til vitande.
2. Vestland fylkeskommune vil i det vidare busetjingsarbeidet nytte det handlingsrommet som ligg i å tolke og tilpasse dei nasjonale kriteria til situasjonen i Vestland, og sjå busetjing i samanheng med:
 - Nærleik til dei tilboda fylkeskommunen sjølv har hand om innan opplæring/utdanning, og relevante samarbeidstiltak mellom fylkeskommunen og kommunane.
 - Eit variert, aktivt og inkluderande næringsliv.
 - Interesse for og ønskje om lokalt samarbeid mellom ulike samfunnssektorar og nivå for å målrette opplæring og sikre tilgang til varig arbeid.
 - Tilgang til høveleg husvære og nærleik til tenestetilbod som barnehage, skule, butikk, kollektivtilbod, m.m.
 - Eit variert kultur- og idrettsliv og frivilligheit med evne og vilje til å ta imot nye medlemmer/deltakarar, og som kan bidra til integrering i lokalsamfunnet.
3. Vestland fylkeskommune har følgjande innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane: Det er fleire kommunar som sjølv med lite folketal kan vise til gode erfaringar på busetting og inkludering i lokalmiljøet. Ein bør derfor ikkje utelukke kommunar ut frå folketal. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykninger og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og behov for busetjingsplassar.
4. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at fylkeskommunen på sikt får ansvaret for å endeleg foreslå fordeling av flyktningar til kommunane i Vestland.
5. Fylkestinget ber om årleg oppdatering frå arbeidet med busetjing i Vestland.